



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Møtedato: 09.04.2026
Møtestad: Teams
Møtetid: kl 10.00 - 11.00
Tidsbruk: 1 time
Førebuingstid: 1 time

Møtedeltakarar	
Elin Ringhus	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Lill Synnøve Laugaland	

Forfall meldt frå følgjande	
Bertin Bjåen	

Følgjande varamedlemmar møtte	
Roger Thorsland	

Andre:	

Møtesekretær:
Jarle Lunde

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
008/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
009/26	Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar	
010/26	Vurdering av vedtak i Plan- og miljøutvalet om å gi dispensasjon til utviding av Haukeliseter fjellstue, sak 42/2026	
011/26	Eventuelt	

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/420

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	09.04.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sand, 10.04.2026

09.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 008/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/420

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	09.04.2026

Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Sand, 10.04.2026

Det skal veljast eit medlem som saman med leiar skal godkjenne møtebok, slik at denne er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

09.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Forslag: Roger Thorsland
Samrøystes

VRN-AU - 009/26 Vedtak:

Roger Thorsland blei valt til å skrive under møtebok saman med leiar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	24/592

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	09.04.2026

Vurdering av vedtak i Plan- og miljøutvalet om å gi dispensasjon til utviding av Haukeliseter fjellstue, sak 42/2026

Forslag til vedtak

Villreinnemnda for Setesdalsområdet, ved arbeidsutvalet, klagar på vedtak i Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune om å gi dispensasjon til utviding av Haukeliseter fjellstue, sak 42/2026.

Nemnda vurderer at tiltaket kjem i konflikt med dei nasjonale og regionale villreininteressene i området, og at vedtaket er i strid med Heiplanen, naturmangfaldlova §§ 8–12 og statlege planretningslinjer.

Tiltaket ligg i eit viktig og sterkt belasta funksjonsområde mellom Setesdal–Ryfylke og Hardangervidda villreinområde, der trekkfunksjonen er kraftig redusert og der samla belastning frå ferdsel, infrastruktur og arealbruk allereie er høg. Standardheving og auka bygningsmasse vil etter nemnda si vurdering kunne føre til auka ferdsel over tid, sjølv om talet på sengeplassar formelt er uendra.

Det ligg ikkje føre ei tilstrekkeleg og sjølvstendig vurdering av naturmangfaldlova i kommunen si saksbehandling. Dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 kan ikkje givast når nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett, og når ulempene er større enn fordelane. Desse vilkåra er ikkje oppfylte.

Villreinnemnda ber på dette grunnlaget om at vedtaket blir omgjort. Klagen blir sendt til Vinje kommune for ny vurdering og vidare handsaming i tråd med forvaltningslova §§ 28–32.

Villreinnemnda ber om at klagen vert gitt oppsettande verknad, jf. forvaltningslova § 42, slik at tiltaket ikkje kan setjast i verk før klagesaka er endeleg avgjort.

Sand, 10.04.2026

Vedlegg:

2026-02-26 Plan ferdsel byggesak.pdf

Saksprotokoll - 9932 - Søknad om dispensasjon - Haukeliseter fjellstue 42-26

Fraråder - dispensasjon - Vinje 99/32 - Haukeliseter fjellstue - riving og nybygg

Saksutskrift 47-24 Uttale til riving og oppføring av nybygg ved Haukeli fjellstue i Vinje.pdf

Uttale til søknad om rammeløyve - riving og nybygg - Haukeliseter Fjellstue. 99/32 - Vinje kommune

99_32 - Midlertidig svar - revisjon byggesøknad - dispensasjon - Vinje 99_32 -

Haukeliseter fjellstue - Presisering av areal

Saksprotokoll PLM 180226

Saksprotokoll PLM 180326

Villreinnemnda mottok 19.03.2026 to vedtak frå Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune, sak 27/2026 og sak 42/2026-, "99/32 - Søknad om dispensasjon - Haukeliseter fjellstue".

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka er ein søknad frå Stavanger Turistforening (DNT) om dispensasjon for utviding og ombygging av Haukeliseter fjellstue. Søknad vart sendt 24.04.2024 og revidert 17.10.2025. Søknad er ein oppdatering av tidlegare søknad.

Tiltaket omfattar:

- Riving av sommarfjøs aust for tunet (gjennomført 2025)
- Ombygging av sovesal til 6 personalhybler
- Nytt bygg med 11 dobbeltrom/HC-rom/4-sengsrom (34 sengeplassar)
- Riving og gjenoppbygging av "sirkusvogna"
- Tal på sengeplassar vert som før

Dialog med fagmyndigheiter

Etter kritiske merknader frå Statsforvaltaren vart tiltaket vesentleg redusert. Statsforvaltaren aksepterte deretter ny storleik (272 m² BYA) og vil ikkje, jamfør sakspapira, ikkje lenger varsle klage.

Tidlegare uttale frå Villreinnemnda

Villreinnemnda for Setesdalsområdet gav negativ uttale i brev datert 11.07.2024. Revidert søknad frå 2025 har ikkje blitt sendt nemnda til uttale. Hovudpunkta frå uttalen i 2024 var:

- Området kring Haukeliseter er eit historiske og svært viktig trekkområde mellom Hardangervidda og Setesdal–Ryfylke. Trekkfunksjonaliteten er i dag redusert
- Setesdal–Ryfylke villreinområde blei klassifisert som raud (dårleg kvalitet) etter kvalitetsnorm for villrein (2022). Det er krav om betre, ikkje forverra forhold
- Tiltaket vert vurdert som større enn "forsiktig modernisering" etter Heiplanen, og som i strid med retningslinene som seier at tiltak ikkje må forverre situasjonen i trekkområde
- Standardheving og ny romstruktur vil kunne føre til auka ferdsel, sjølv om talet på senger er uendra. Ferdsel er den mest belastande faktoren for villrein i området

Nemnda har òg i 2018, 2019 og 2020 gitt negative uttaler av same grunn til tidlegare søknadar om utviding av fjellstua. I uttalen frå 2020 blir avbøtande tiltak nærere omtalt, mellom anna vintermerking sørover til Holmavatn.

Ferdsel og forventa påverknad

Haukeliseter er eit stort regionalt knutepunkt for ferdsel: toppturar, kiting, skiløyper og langturar. Ferdsele er til dels omfattande og konsentrert rundt tunet og i nærområda, men gjeld òg ferdsel vidare inn på Hardangervidda.

Villreinnemnda si tidlegare vurdering peikar på at ferdsel alt er høg og at utviklinga går i negativ retning for villreinen.

Pålagt plan for ferdselsstyring

Plan- og miljøutvalet kravde i møte 18.02.2026 at DNT skulle lage ein plan for berekraftig ferdselsstyring før saka kunne handsamast vidare. DNT la fram ein plan med 10 tiltak, inkludert: informasjon, kurs, kanalisering av ferdsel til nærområde, endra marknadsføring, styrt kiting, og tilpassing til framtidige vedtak om løypeendringar

Plan- og miljøutvalet si handsaming

I møte 18.03.2026 vedtok Plan- og miljøutvalet følgjande:

Plan- og miljøutvalet gjev eigar av 99/32 dispensasjon i medhald av pbl § 19-2 til å byggje nytt bygg på inntil 272 m² BYA og ombygging av «600 bygget» på Haukeliseter fjellstue, slik det er søkt om i brev datert 16.10.2025 på vilkår:

- *Byggeskikk, fargar, type kledning og takutstikk skal fylgje dei andre bygningane*
- Det vert sett som vilkår at dei rettar seg etter føringar som måtte kome i høve omsyn til villrein i området.*

Vedtaket vart gjort med 4–3 stemmer, og tilleggsvilkåret om villrein vart vedteke med 6–1 stemmer.

Vurdering

Villreinnemnda for Setesdalsområdet vurderer tiltaket i lys av omsynet til villrein, jf. forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21. Haukeliseterområdet ligg i grenseland mellom Setesdal–Ryfylke og Hardangervidda villreinområde. Vår nemnd tek utgangspunkt i villreinen i Setesdal Ryfylke i vidare vurdering.

Både nasjonale føringar, kvalitetsnorm for villrein og Heiplanen stiller strenge krav til arealforvaltning i område.

Vedtaket sett i lys av kommuneplan og Heiplanen

Tiltaksområdet ligg i omsynssone villrein i gjeldande kommuneplans arealdel (2011-2023). Her heiter det at omsynet til villreininteressene skal vektleggast særskilt. Det blir elles vist til at det er under utarbeiding regionalplan (Heiplanen) som vil gi føringar for bruken av områda.

Heiplanen gir klare føringar for arealforvaltning i nasjonale villreinområde og trekkområde. Haukeliseter ligg delvis i omsynssone nasjonalt villreinområde og delvis i trekkorridor. Retningslinjene slår fast at:

- etablerte turisthytter berre kan moderniserast og forsiktig utvidast dersom det er naudsynt for vidare drift
- tiltak skal ikkje forverre situasjonen i trekkområde

Slik sekretariatet vurderer det kan tiltaket ikkje reknast som ei «forsiktig utviding». Den samla bygningsmassen aukar med 272 m² BYA, standarden vert høgare, og risikoen for auka bruk er reell. Vedtaket frå kommunen er difor ikkje i tråd med Heiplanen.

Vedtaket sett i lys av naturmangfaldlova §§ 8–12

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8): Det er eit betydeleg kunnskapsgrunnlag om villreinen i området. Med bakgrunn i denne er tilstandsstatus i området dårleg etter kvalitetsnorma. Dette er belyst i tidlegare uttale til saka frå fleire instansar. Det er svært høg ferdselsbelastning i Haukeliseterområdet og det er ein kraftig redusert trekkfunksjonalitet.

I seinare tid har det kome ennå meir relevant kunnskap i samband med “Tiltaksplan for villrein”.

Kommunen har ikkje gjort ei sjølvstendig vurdering av status for villrein. Saksframlegget byggjer i hovudsak på tiltakshavar sine egne vurderingar av at bruksmønsteret ikkje vil endre seg, utan å vurdere dette opp mot dokumentert kunnskap. Kunnskapsgrunnlaget er difor ikkje tilstrekkeleg vurdert.

Føre-var-prinsippet (§ 9): Det er fagleg usemje om framtidig ferdsel. Uttelapartar meiner risikoen er høg, medan kommunen avviser risiko utan fagleg grunngeving. I eit sårbart trekkområde skal ein ved tvil velje føre-var, ikkje minst når villreinen er i dårleg forfatning.

Samla belastning (§ 10): Haukeliseter ligg i eit særskilt belasta område for villreinen påverka av E134, vasskraftregulering og ferdsel til fots og på ski (fottur, topptur, kiting, turisttrafikk). Tiltaket må vurderast i lys av denne totaliteten og at samla belastning allereie er for høg. Kommunen drøftar ikkje dette.

§§ 11–12: Det er ikkje vurdert kostnader ved miljøforringing eller alternative løysingar/avbøtande tiltak.

Kommunen har ikkje gjort egne vurderingar etter naturmangfaldlova. Nml §§8-12 er ikkje nemnd i det heile tatt i saksframlegget.

Vedtak sett i lys av kvalitetsnorm for villrein og tiltaksplan for villrein

Kvalitetsnorma (2020) slår fast at målet er at nasjonale villreinområde skal oppnå minst middels kvalitet innan 2050, og stanse negativ utvikling innan 2030. Setesdal–Ryfylke og Hardangervidda er i raud kategori (dårleg kvalitet).

Tiltaksplan for kvalitetsnorma (under arbeid) peikar på trekkfunksjon, ferdsel og arealpress som dei største utfordringane. Haukeliseterområdet er omtalt som eit fokusområde med sterkt redusert funksjonalitet og høg sårbarheit.

Tiltak som aukar risiko for ferdsel eller reduserer moglegheitene for framtidig trekk er ikkje i tråd med kvalitetsnorma eller tiltaksplanarbeidet.

Vedtak sett i lys av statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging stiller klare krav til at arealforvaltninga skal sikre naturmangfaldet og særleg ta vare på dei nasjonale villreinområda. Regjeringa sine forventningar for planperioden 2023–2027 understrekar at villreinens leveområde skal sikrast, og at regionale planar for villreinfjella skal oppdaterast og følgjast opp i den kommunale planlegginga.

I Meld. St. 18 (2023–2024) Ein forbetra tilstand for villrein legg Klima- og miljødepartementet opp til ein høg terskel for nye inngrep i villreinområde, og peikar på behovet for ei meir restriktiv arealforvaltning i fjellområda for å snu den negative utviklinga innan 2030.

Desse føringane er sentrale rettesnorar som kommunane skal leggje til grunn i handsaming av dispensasjonssaker. Dei er ikkje belyst i kommunen sitt saksframlegg.

Vedtak om plan for berekraftig ferdselsstyring

Plan og miljøutvalet vedtok i møte 18.02.2026 at «Saka blir utsett til DNT har utarbeidd ein enkel plan for berekraftig ferdselsstyring frå Haukeliseter med omsyn til villrein.....».

Stavanger turistforeining har levert ein plan som inneheld 10 punkt. Dette er vel og bra, men kommunen sitt saksframlegg gjer ingen vurdering av skrevet som Plan- og miljøutvalet har bestilt. Her ville det vere naturleg å vurdere «planen» opp mot arbeidet og innspel til tiltaksplan for villrein som er under arbeid (plan er venta våren 2026). Villreinnemnda spelte her mellom anna inn «For å halde mest mogleg ro i viktige vinterbeiteområde må kvisting av skiløyper mellom Haukeliseter – Holmavatnet – Sloaros ikkje skje før til påske». Dette er

ikkje blant tiltaka turistforeininga skisserer i sin «plan». Tiltaket blei og spelt inn til Vinje kommune 17.09.2020, «Uttale – endring av søknad om tiltak på Haukeliseter fjellstoge».

Vilkår om omsyn til villrein

Plan- og miljøutvalet gir vilkår for dispensasjonen: «*Det vert sett som vilkår at dei rettar seg etter føringar som måtte kome i høve omsyn til villrein i området.*»

Intensjonen med dette er god, men det er vanskeleg sjå kva det eigentleg inneber og korleis det vil bli følgt opp.

Sluttmerknad

Det følgjer av plan- og bygningslova § 19-2 at dispensasjon ikkje kan givast dersom nasjonale eller regionale interesser vert vesentleg tilsidesett. Fordelene ved å gi dispensasjon må i tillegg vere klart større enn ulempene.

Villreinnemnda er tillagt ei oppgåve å arbeide for ei langsiktig og berekraftig forvaltning av villrein. Slik sekretariatet vurderer det kjem tiltaket i vesentleg strid med nasjonale villreininteresser. Sekretariatet rår derfor å klage på vedtaket.

Alternativt kan arbeidsutvalet ta vedtaket i Plan- og miljøutvalet til etterretning og ikkje klage. Jamfør søknad og kommunen sitt saksframlegg vert nasjonale eller regionale interesser ikkje vesentleg tilsidesett:

- Talet på sengeplassar vert halde uendra, og kommunen meiner difor at tiltaket ikkje vil gje auka ferdsel. Tiltaket er hovudsakleg modernisering, ikkje kapasitetsauke eller funksjonsendring
- Bygningsmassen vert samla ved at sommarfjøsset vert rive, noko som er vurdert som positivt
- Statsforvaltaren har akseptert redusert byggjestorleik (272 m² BYA)
- Dispensasjonen er gitt med vilkår om at tiltakshavar skal rette seg etter kommande føringar for omsyn til villrein

09.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 010/26 Vedtak:

Villreinnemnda for Setesdalsområdet, ved arbeidsutvalet, klagar på vedtak i Plan- og miljøutvalet i Vinje kommune om å gi dispensasjon til utviding av Haukeliseter fjellstue, sak 42/2026.

Nemnda vurderer at tiltaket kjem i konflikt med dei nasjonale og regionale villreininteressene i området, og at vedtaket er i strid med Heiplanen, naturmangfaldlova §§ 8–12 og statlege planretningslinjer.

Tiltaket ligg i eit viktig og sterkt belasta funksjonsområde mellom Setesdal–Ryfylke og Hardangervidda villreinområde, der trekkfunksjonen er kraftig redusert og der samla belastning frå ferdsel, infrastruktur og arealbruk allereie er høg. Standardheving og auka bygningsmasse vil etter nemnda si vurdering kunne føre til auka ferdsel over tid, sjølv om talet på sengeplassar formelt er uendra.

Det ligg ikkje føre ei tilstrekkeleg og sjølvstendig vurdering av naturmangfaldlova i kommunen si saksbehandling. Dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 kan ikkje

givast når nasjonale eller regionale interesser blir vesentleg tilsidesett, og når ulempene er større enn fordelane. Desse vilkåra er ikkje oppfylte.

Villreinnemnda ber på dette grunnlaget om at vedtaket blir omgjort. Klagen blir sendt til Vinje kommune for ny vurdering og vidare handsaming i tråd med forvaltningslova §§ 28–32.

Villreinnemnda ber om at klagen vert gitt oppsettande verknad, jf. forvaltningslova § 42, slik at tiltaket ikkje kan setjast i verk før klagesaka er endeleg avgjort.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	26/420

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/26	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	09.04.2026

Eventuelt

Sand, 10.04.2026

09.04.2026 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Saker

1. Vår møte
Forslag til program og sakliste for vår møte i Villreinnemnda 2026 blei gjennomgått.
2. Dialogmøte med SVR
Orientering om planlagt dialogmøte mellom arbeidsutvalet i nemnda og Verneområdestyre, SVR.
3. Avtale om villreinomsyn mellom konsesjonær og villreinnemnda
Thorsland tok opp at Å Energi har fått pålegg om å ta omsyn til villrein i eit prosjekt der dette ikkje er relevant. Sakna informasjon om saka frå sekretariatet noko som blei teke til etterretning. Sekretariatet opplyste om at saka vil bli lagt fram som ei meldingssak på vår møte i nemnda.
4. Godtgjering
Det blei foreslått at krav om møtegodtgjering blir 1 time for førebuing + 1 time for møte.
Samrøystes.

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:
<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>
Bruk lønnart 5534 Honorartimer i DFØ appen.

VRN-AU - 011/26 Vedtak:

Punkt 1 -3 blei teke til orientering

Punkt 4: Møtegodtgjering blir 1 time for førebuing + 1 time for møte.